



Anett Mari Hodneland Tarberg  
GEILA 19  
6098 NERLANDSØY

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2227 - 22/22489

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
21.03.2022

## **Tilbakemelding på krav om retting i matrikkel - gbnr 40/101 Hodneland**

Viser til e-post frå deg 09.03.22, der du etter det eg forstår, ber om at kommunen endrar bygningstypen for gammalt våningshus- til fritidseigedom i matrikkelen.

Du skriv at det er ulike opplysningar i kartverket og i matrikkelen til kommunen. Dette er ikkje tilfelle. Matrikkelen er det offentlege bygningsregistert som driftast av kartverket, men som vert oppdatert av kommunen. Bygningstypen i matrikkelen er 163- Våningshus benyttet som fritidsbustad. Det er på bakgrunn av bruken at du får reduserte avgifter som for fritidsbustad. Då våningshus er bustad på landbrukseigedom, skulle nok bygningstypen vore endra frå våningshus til einebustad ved utskilling av denne tomte. Begge desse bygningstypene er heilårsbustadar og vert dermed rekna som sekunderbustader.

Å endra bygningstypen bustad frå heilårsbustad til fritidsbustad er eit søknadspliktig tiltak etter PBL ( plan- og bygningsloven). Me kan difor ikkje berre endra dette i matrikkelen, sjølv om tilstanden på bygget ikkje tilfredsstillar dagens krav til heilårsbustad.

Dersom de treng vegleiing til søknad om bruksendring frå heilårsbustad til fritidsbustad kan de ta kontakt med byggesaksvakta i Alver kommune.

Du finn elles også informasjon på heimesida til kommunen:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-ribe/ma-du-sokje/endre-bruken-av-ein-bygning-eller-eit-rom/>

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Anett Mari Hodneland Tarberg

GEILA 19

6098

NERLANDSØY